

MØTEINNKALLING

Utval: Komite for Helse og omsorg
Møtestad: Herøy rådhus, formannskapssalen
Dato: 16.05.2013
Tid: 12:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

**Det vert oppmøte på rådhuset for opplæring i bruk av nettbrett.
Deretter held møtet fram på Herøy omsorgssenter.**

Fosnavåg, 08.05.2013

Fred Hansen
Leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 14/13	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 15/13	Protokoll frå førre møte
PS 16/13	Statusrapport - Aktiv omsorg - kulturaktivitetar på omsorgssentra i Herøy

Orienteringsaker:


Erfaringar etter eit år med samhandlingsreforma ved pleie- og omsorgsleiaren. Orientering i samsvar med presentasjon som er etterspurt frå formannskapet 14.mai

Orientering om den økonomiske situasjonen i pleie- og omsorg og tiltak ein gjer for å nå målsetjinga om mindreforbruk. Orientering i samsvar med notat/orientering som er etterspurt frå formannskapet 14.mai

Synfaring på Herøy omsorgssenter.

PS 14/13 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 15/13 Protokoll frå førre møte



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Pleie- og omsorgsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	LG	Arkivsaknr:	2013/444
		Arkiv:	H31

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
16/13	Komite for Helse og omsorg Eldrerådet	16.05.2013

STATUSRAPPORT - AKTIV OMSORG - KULTURAKTIVITETAR PÅ OMSORGSSENTRA I HERØY

Tilråding:

Komite for Helse og omsorg tek rapporten til vitande.

Særutskrift:
Pleie- og omsorgsavdelinga
Eldrerådet

Vedlegg:

Liste over tiltak frå Kulturkontaktene.

Datooversikt over fellesaktivitetar ved omsorgssentra i 2012.

Oversikt over aktivitetar knytt til dei einsskilte avdelingane.

Eksempel på plakatar og avisoppslag knytt til kulturaktivitetane.

Saksopplysningar:

Bakgrunn:

Kulturaktivitetar bidreg til å skape trivsel og livskvalitet. Regjeringa Stoltenberg II la i 2006 fram stortingsmeldinga 25 – Mestring, muligheter og mening - framtidens omsorgsutfordringar. Dette er ein del av Omsorgsplan 2015. Denne legg vekt på aktiv omsorg som eit viktig grunnlag for folkehelse, og gir styringssignal for framtidig utvikling.

Kapittel 10 i meldinga har overskrifta Aktiv omsorg:

«Regjeringen vil legge vekt på kultur, aktivitet og trivsel som helt sentrale og grunnleggende elementer i et helhetlig omsorgstilbud. En slik satsing vil kreve større tverrfaglig bredde i omsorgssektoren, med større vekt på sosialpedagogikk, ergoterapi, fysioterapi og sosialt arbeid. En rekke undersøkelser tyder på at det er på det sosiale og kulturelle området dagens kommunale omsorgstjeneste først og fremst kommer til kort. Spesielt gjelder dette beboere i sykehjem, aldershjem og omsorgsboliger og andre som har stort behov for bistand.»

Helse- og omsorgskomiteen i Herøy ynskjer å få ei orientering om kva kulturaktivitetar som vert utøvd i omsorgssentra.

Aktuelt:

Gjennom alle år har frivillige og tilsette gjort ein stor innsats for å skape trivsel og glede i institusjonane. Brukarundersøkinga frå 2005 viste likevel at spesielt pårørande saknar større aktivitetstilbod på omsorgssentra. Med utgangspunkt i dette og dei statlege styringssignala, har vi sett behovet for ei meir systematisk og bevist satsing innan dette feltet. Også det å synleggjere betre alt det fine som faktisk skjer.

Pleie- og omsorgsleiar tok i 2009 initiativert til å opprette Kulturkontakter ved institusjonane. Medlemmane her er ein representant frå kvar sjukeheimsavdeling, leiar for kulturavdelinga, leiar for kulturskulen i Herøy og leiar for Frivilligsentralen. PO-administrasjonen har vore representert ved ein av konsulentane. Koordinator for Kulturkontaktene er sjukepleiar ved Gul avdeling Runa Strengkløv Nerem.

Kulturaktivitetane ved omsorgssentra har stor bredde. Ein har engasjert nasjonale, regionale og lokale kunstnarar, spesielt innanfor området song og musikk.

Ein har og aktivitetar lokalt i kvar avdeling der ein følgjer årstidene; sette frø, bake til jul, flekke sild etc. Det har vore viktig å ha stor variasjon innan dei ulike aktivitetane og underhaldningsoppdraga.

Pleie- og omsorgsavdelinga har også satsa på etterutdanning innan miljøarbeid og musikkterapi. Både ved at enkeltpersonar har tatt formell etterutdanning, og ved at tilsette på fagdag har fått undervisning i bruk av musikk som terapeutisk virkemiddel av ein musikkterapeut frå NKS Olaviken alderspsykiatriske sjukehus i Bergen. Demente som har misst språket kan ofte synge, og musikken kan leite fram gamle gode minner, og snu ein situasjon til det gode. Avdelinga var og med i eit prosjektarbeid i musikkterapi knytt til Høgskulen i Volda i 2012, der fleire av våre tilsette over tid fekk lære korleis dei kan nytte musikken i pasientbehandlinga.

Ein opplever at personalet har fått meir fokus på å fylle kvardagen for pasientane med innhald. Fagdagen er sentral i utvikling og koordinering av tilbodet ved at den gir høve til felles opplæring og vidare utvikling av tilbodet på avdelingane. Det må også nemnast at auka pleiebehov konkurrerer med tida til slike aktivitetar. Ein er i stor grad avhengig av ildsjeler. Vi er velsigna med det, og vi må så langt råd prøve å ta godt vare på dei.

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse:

Aktivitet og innhald i kvardagen gir livsglede og er god folkehelse. Ulike forskarar peiker på at pasientar som får meir stimuli er meir aktive, et meir og søv betre. Også at der er samanhengar mellom dette og medikamentbruk. At omsorgsteneste har ressursar til denne type omsorg er difor avgjerande viktig.

Konsekvensar for drift:

Mykje av dei kulturelle aktivitetane vert gjort av personalet i tillegg til det vanlege arbeidet dei har. Kulturkontaktene peiker på at skal ein ha dette nivået på aktivitetar som ein har hatt siste året, er der behov for ein eigen aktivitets/kulturmedarbeidar. Pleie- og omsorgsleiar har ikkje funne rom for å prioritere dette i budsjettarbeidet.

På omsorgsbustadane som ligg i tilknytning til sjukeheimane vart det i samband med opning av Myrvågtun, tilsett eigne miljøarbeidarstillingar som skulle ha eit aktivitetstilbod til bebuarane. Dette vert i dag i stor grad brukt til pleieretta oppgåver. Bebuarane får tilbod om å delta på det som er på omsorgssentra.

Det er likevel slik at aktiv omsorg er ein del av det vi ynskjer og skal gi. Dette har hatt sterkt fokus siste åra, - med gode resultat. Utfordringa framover vert å finne rom for dette, både i noverande og nye former. Kommunen må vere kreativ i bruken av eigne ressursar og kanskje endå sterkare finne gode samarbeidsformer med pårørande og frivillige. Vi har eit godt grunnlag i mange frivillige som står på år etter år, og mange kreative ildsjeler i våre medarbeidarar. Pr. 2013 har vi eit generelt eit godt tilbod til våre pasientar.

Fosnavåg, 04.04.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Ragnhild Velsvik Berge
Pleie- og omsorgsleiar